

Ekspedisjonen til Amazonas regnskogen

Endelig kom dagen. Eg skulle endelig få dra til Amazonas og få sjå alle dyra som bur der. Eg hadde hatt lyst til dette heilt sia eg var ei lita jente. Eg skulle reise med pappa, men me skulle bu i same leir og gå på turar med 28 andre. Flyet vårt gjekk klokka seks om morgonen. Eg var veldig trøyt, men eg gleda meg vilt uansett. Det tok omtrent tolv timar og ta fly. Eg hadde sove ein del på flyet, men eg var fortsatt veldig trøtt.

Me skulle ikkje dra til regnskogen før dagen etter så me tok taxi frå flyplassen til leiren me skulle by på. Me åt lunsj og var og såg oss omkring rundt leiren.

Neste dag var det på tide og dra til regnskogen. Me var ei gruppe på omkring 30 stykk og me hadde 3 guidar. Me skulle gå mot aust av regnskogen i dag. Eg hadde ein ganske tung sekk på ryggen og kamera mitt rundt halsen. Eg hadde bestemt meg at eg skulle ta masse bileter av regnskogen og av dyra me såg. Allereie då me berre hadde gått i ein halv time hadde me sett mange dyreartar me aldri hadde sett før. Det var så spennande! Eg byrja allereie å glede meg til alt det anna me skulle sjå. Etter me hadde gått i omkring fire timar var det tid for lunsjpause. Me begynte å gå igjen. Me gjekk i fire timar til før me kom tilbake til leiren og skulle ete eit godt måltid med mat. På kvelden koste me oss inne og slappa av etter den åtte timars lange turen.

Då eg vakna opp neste dag fekk eg vite at me skulle ta ein anna tur som var litt lengre. Den tok ti timar. Denne dagen var ein av dei dagane eg hadde gleda meg mest til for den dagen skulle me få sjå på fleire typar aper. Eg gleda meg til å ta masse bileter. Me byrja å gå klokka ti så me kom ikkje til å komme heim før klokka åtte på kvelden. Me gjekk og me gjekk, men me hadde ikkje fått sett nokre aper. Eg begynte å bli utolmodig. Då klokka var rundt halv fem såg me endeleg nokre aper og eg fekk ta masse fine bileter med spegelreflekskamera mitt. Då me kom heim igjen var eg veldig sliten så eg la meg til å sove rett etter me hadde ete.

Neste dag blei eg vekt tideleg. Klokka var bare sju. I dag skulle me bytte leir så me måtte pakke saman alle tinga våre også skulle ein bil frakte bagasjen vår til den nye leiren me skulle bu i. Det var ein seks timars tur til den nye leiren og den nye leiren låg i eit mykje finare landskap enn den me hadde budd i.

Dei neste dagane gjekk me på turar og koste oss. Men tre dagar før me skulle reisa tilbake til den leiren me hadde først også dra heim, skjedde det noko alvorleg. Me var på ein tur. Me hadde gått i to timar så skjedde det. Eg blei bitt av ein giftig slange. Eg var bevisstlaus lenge.

Då eg vakna igjen var eg på sjukehuset. Eg hadde blitt frakta med helikopter til det nærmaste sjukehuset. Pappa satt på sengekanten og han såg veldig letta ut då han såg at eg hadde vakna. Han fortalte meg at legane hadde fått ut gifta og at me skulle reise heim når eg blei bra igjen.

Eg var på sjukehuset i tre dagar så kunne me reise heim. Tross den dumme avslutninga på turen syntes eg det var ein flott ekspedisjon og eg hadde lært mykje og fått tatt mange fine bilete.